

Ta eit tak for Gamleskulen!

Uskedalen Utvikling eig Gamleskulen og arbeider for at han skal verta stadig meir nytta til samkome av ymse slag. Eit fast og populært innslag er TI-aren på tysdagane. Men det krevst ymse 'opprustingstiltak' og eitt av dei gjeld møbleringa.

Førebels har dei satsa på lånte møblar, men no er det kjøpt inn stolar og bord.

Førstkommande laurdag klokka 11 er det tillyst dugnad på å skru saman møblane og leiinga håpar at mange vil møte fram og ta eit tak.

Biletet over er teke den tysdagen då det vart sett ein imponerande besøksrekord i TI-aren. Då kom det 72!

(Foto: Ola Matti Mathisen)